

Vebjørn Kallelid

Kommunal klimadiskurs

Diskursanalyse av kommunale klimastrategiar i Oslo, Bergen og Trondheim

Bacheloroppgåve i statsvitenskap

Veileder: Jon Arve Nervik

Mai 2020

Vebjørn Kallelid

Kommunal klimadiskurs

Diskursanalyse av kommunale klimastrategiar i Oslo,
Bergen og Trondheim

Bacheloroppgåve i statsvitenskap

Veileder: Jon Arve Nervik

Mai 2020

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosiologi og statsvitenskap



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Innhald

1 Innleiing	2
2 Diskurs og diskursanalyse	3
2.1 Diskurs	3
2.2 Roller	4
2.3 Diskursive narrativ	5
2.4 Klima- og miljødiskursar	7
3 Narrativet: Det grønne skiftet	8
3.1 Narrative strukturar	9
3.2 Det grønne skiftet	10
4 Diskursive roller	13
4.1 Kommunen som tilretteleggjar	14
4.2 Alle har ansvar, ingen har skuld	16
5 «Grøn omstilling»-diskursen oppsummert	18
6 Litteraturliste	21

1 Innleiing

Klima- og miljøpolitiske problemstillingar er ofte særskilte komplekse. Dei har vore, og kjem til å fortsette å vere, årsak til vanskelege politiske avgjerder og avvegingar. Klimaspørsmålet er ei av dei viktigaste politiske spørsmåla i vår tid, og det er openbart at det fører med seg sterke kjensler og mange motstridande interesser. I Noreg har nyheitsbiletet dei siste åra mellom anna vore prega av bompenggeopprør, debatt om vindkraftparkar og om framtida til olje- og gassindustrien, som alle på ulike måtar er knytt til noverande og framtidige klimaendringar. Ifølgje Austgulen og Stø (2013) er dei aller fleste forskarar på klimaendringar einige i at menneskeleg aktivitet er skuld i ein betydeleg del av dei observerte endringane i det naturlege klimaet på jorda. Samstundes viser undersøkinga deira at så mykje som 40 prosent av den norske befolkninga i 2013 hadde ein form for klimaskeptiske haldningar. Fordi det såleis finst ulike oppfatningar av kva klimasaka eigentleg handlar om og bør handle om, kan det vere vanskeleg for politikarar å gjennomføre tiltak som skal bremse og redusere menneskeskapte utslipp av klimagassar som CO₂.

Kampen for definisjonsmakta over klimafeltet gjennom bruk av klima- og miljødiskursar kan derfor utgjere ein sentral del av utviklinga av klima og miljø som eit politikkområde. Neumann (2001, s. 18) definerer diskurs som «et system for frembringelse av et sett utsagn og praksiser som, ved å innskrive seg i institusjoner og fremstå som mer eller mindre normale, er virkelighetskonstituerende for sine bærere og har en viss grad av regularitet i et sett sosiale relasjoner». Korleis aktørar i sosiale kontekstar uttrykkjer meining og handlar, kan derfor påverke allmenne oppfatningar av verda. På den måten kan språklege uttrykk, til dømes i politiske tekstar, vere definerande for den praktiske utviklinga til eit politikfelt.

Mange norske kommunar har utarbeidd strategiar og handlingsplanar for tiltak som skal redusere klimautslipp, styrkje natur- og miljø forvaltning og tilpasse seg til framtidige klimaendringar. Denne studien vil undersøkje kva for klimapolitisk diskurs som ligg til grunn for klimastrategiane til høvesvis Oslo kommune (2019), Bergen kommune (2016) og Trondheim kommune (2017). Som dei tre største kommunane i Noreg, kan den politisk-administrative leiinga i desse byane ha stor innverknad på den klimapolitiske utviklinga i landet. Det er derfor interessant å undersøkje nærmare kva for diskursar er til stades i klimastrategiane deira. Det er ei rekke sentrale spørsmål som ligg til grunn for analysen: kva er framstillinga av klimaproblema som kommunane står ovanfor? Korleis posisjonerer

kommunane seg i forhold til andre aktørar i kommunane, i Norge og på internasjonalt nivå? Kva for forteljing, eller narrativ, fortel klimastrategiane om korleis klimaproblema har oppstått, og kva som er mogleg å gjere med dei? Kva for bilete gjev klimastrategiane av framtida? Kven presenterast som skuldige partar, kva står i vegen for å nå målet, og kven har ansvar for og agens til å ta samfunnet dit hen?

I første del vil eg med utgangspunkt i diskursteori gje ein utdjuping av diskursomgrepet. Diskurs er ikkje noko eintydig omgrep, så her freistar eg å klargjere omgrepsapparatet som ligg til grunn for analysen. I denne delen vil eg også greie ut om tydinga av rollar og narrativ for diskursomgrepet. Desse utgjer ein viktig del av analysen av klimastrategiane, og vert såleis vigd særskilt merksemd. Her presenterer eg kort også døme på miljø- og klimadiskursar slik dei går fram i tidlegare diskursanalytiske forskingsbidrag. Tredje og fjerde del av studien utgjer diskursanalysen av dei tre klimastrategiane. I tredje del er fokuset retta mot dei narrative strukturane i tekstane. I fjerde del tek eg føre meg korleis dei ulike aktørrollane er representert. I femte og siste del oppsummerer eg funna frå analysen. Hovudkonklusjonane av analysen er at dei tre klimastrategiane presenterer svært like narrativ som kallast det «grøne skiftet», der samfunnet står ovanfor ei omfattande «grøn» omstilling til «fornybarsamfunnet». Kommunane gjev seg sjølve rolla som tilretteleggjarar for at resten av samfunnet skal klare å omstille seg sjølv. Dei plasserer seg dermed i ein tydeleg maktposisjon med omsyn til å definere korleis eit framtidig klima- og miljøvenleg samfunn skal utformast.

2 Diskurs og diskursanalyse

2.1 Diskurs

Diskursomgrepet har vorte brukt i mange ulike former og med særskilte ulike utgangspunkt. Ein forholdsvis brei lingvistisk definisjon handsamar diskurs som «the organization of language above the sentence» (Stubbs 1983). Dette inneber ei strukturering av språket som legg avgrensingar og føringar for kva ein kan uttrykkje og forstå gjennom språk. Språk forstår vi her ikkje berre som ord og setningar, men også andre kommunikative uttrykk som ikkje-verbal kommunikasjon, symbolbruk, ritual og bruk av forteljingar og mytar. Fairclough, Mulderrig og Wodak (2011, s. 357) presiserer at diskurs heller ikkje kan avgrensast til det

språklege, men må sjåast som ein sosial praksis. Dei vektlegg at diskurs er kjenneteikna av eit dialektisk forhold mellom den konkrete kommunikasjonssituasjonen og den sosiale, institusjonelle og strukturelle konteksten som kommunikasjonen går føre i. Denne dialektikken består i at det er eit tovegs påverknadsforhold mellom diskursen og konteksten (Fairclough et al. 2011, s. 358). Diskurs er sosialt forma, altså legg dei kontekstuelle rammene føringar for kva som kan og vil uttrykkjast i ein gjeve situasjon. Samstundes er diskursen i seg sjølv sosialt konstituerande, i tydinga at måten vi uttrykkjer oss på, også skaper den sosiale konteksten gjennom representasjonar av røyndomen. Diskurs er derfor med på å skape den sosiale røyndomen vår, og i forlenginga av det, kva vi kan oppfatte og uttrykkje, som gjer at diskurs også er knytt til makt (van Dijk 2008). Personar i maktposisjonar kan potensielt utøve stor innverknad på oppretting og endring av ein diskurs. Evne til å påverke andre, kan derfor i seg sjølv gje definisjonsmakt i ein diskurs. Og motsett, evne til å definere ut utbreie ein diskurs i ein sosial kontekst, kan påverke andre maktforhold.

I ein samfunnsvitskapeleg og statsvitskapeleg samanheng, definerer Mathisen (1997, s. 3) diskursanalysen som «analyse av språkbruk i en samfunnsmessig kontekst, med fokus på hvordan de ideer og begreper som produseres i denne konteksten tolker og er med på å forme (et visst utsnitt av) den samfunnsmessige virkeligheten». Mathisen peiker på at ein kan skilje menneskeleg handling frå tilfeldige rørsler gjennom at vi tillegg rørslene mening. For at handlingar dermed skal kunne oppfattast som meningsfulle i ein sosial fellesskap, forutset dette at meningsinnhaldet delast, nettopp gjennom språket. Ei handling vert (av andre i den sosiale fellesskapen) oppfatta som meningsfull berre dersom ho vert delt med andre gjennom språket. Det er særleg viktig at ein politisk handling, som i ein spesifikk kontekst har ein eksplisitt funksjon og er meningsfull, vert formidla på ein måte som reflekterer meningsinnhaldet. Den diskursive kommunikasjonen kan forme dei sosiale omgjevnadane si oppfatning av kva dette meningsinnhaldet består i. Derfor kan diskursar også bidra til å etablere oppfatningar av kva som er motivasjonen bak, føremålet til og effekten av politiske handlingar.

2.2 Roller

Gjennom bruken av etablerte diskursar som organiserer meningsinnhaldet i politiske kommunikasjonssamanhengar, vert samstundes det politiske feltet strukturert gjennom språkbruken. Til dømes bruker ein språklege kategoriar og merkelappar til å sortere ulike

aktørar i grupper (Mathisen 1997, s. 5). Kategoriane kan til vere «feminist», «borgarleg», «byråkrat», «dissident», «oslopolitikar», «næringslivtopp» eller «rettsforkjempar». Dette er namn som representantar for ulike diskursar bruker for å namngje både andre aktørar og seg sjølve. Aktørane kan vere både individ, organisasjonar og heile samfunnsgrupper. Merkinga av slike aktørkategoriar strukturerer politiske konflikhtar og saker gjennom at kategoriane i seg sjølve konnoterer språkleg etablerte eigenskapar, motivasjonar, mål og konflikhtar.

Det er til dømes stor skilnad på om ein omtalar ein eigar av ein privat sjukeheim som «privat velferdsleverandør» (Røe Isaksen 2020) eller som «velferdsprofitør» (Rødt u.å.). Kva aktøren kallast, og kva for andre aktørar som vert kategorisert i same gruppe, verkar inn på kva som ein oppfattar som aktøren sin funksjon, tilgjengelege verkemiddel, motivasjon og kva utsikter nokon har for suksess. Den «private velferdsleverandøren» er ein ressurs for velferdstilbodet, som gjennom arbeid og økonomisk kløkt, bidreg til å løyse eit problem med mangelen på sjukeheimsplassar. «Velferdsprofitøren», på sin side, er ein trussel mot økonomisk og sosial likskap. Gjennom å utnytte eit allereie skeivfordelende økonomisk system, utnyttar dei svakaste i samfunnet for personleg rikdom. Dette er sjølvstapt eit spissa døme, men det illustrerer også korleis slike kategoriseringar ikkje berre kan definere kva som er ulike løysingar på eit politisk problem, men også kva som er sjølve problemet. Dersom ei slik kategorisering oppnår ein hegemonisk tilstand, det vil si vert oppfatta som ukontroversiell, kan ho følgeleg ha stor innverknad på politisk handling og resultat (Mathisen 1997, s. 6). Samstundes, fordi påverknadsforholdet kan gå begge veger, vil politiske aktørar sine handlingar også kunne forme korleis kategoriane vert avgrensa.

2.3 Diskursive narrativ

Maarten Hajer (1995) vektlegg tydinga av narrativ (*story-lines*) i diskursiv kommunikasjon og politisk diskurs:

A story-line, as I interpret it, is a generative sort of narrative that allows actors to draw upon various discursive categories to give meaning to specific physical or social phenomena. The key function of story-lines is that they suggest unity in the bewildering variety of separate discursive component parts of a problem (...). The underlying assumption is that people do not draw on comprehensive discursive systems for their cognition, rather these are evoked through story-lines. As such story-lines play a key role in the positioning of subjects and structures. (Hajer 1995, s. 56)

Narrativ strukturerer og gjev samanheng til omfattande og komplekse diskursive system, og tillèt ei forståing av verda gjennom forteljingar. Narrativ ser vi her som etablerte forteljingar som strukturerer ulike diskursive kategoriar og forståingar av røyndomen. På same måte som i forteljande skjønnlitterære tekstar, kan diskursive narrativ uttrykkje føremål og meining gjennom å presentere ein handlingsgang. Narrativet gjev eit rammeverk for å posisjonere heltar og skurkar, problem og moral, verkemiddel og løysingar (Stone 2002 i Jones & McBeth 2010). Diskursive narrativ framheld samanheng mellom ulike fysiske og sosiale fenomen, og tillèt ei oppleving av samanheng mellom problem, aktørar og kunnskapar frå tilsynelatande elles åtskilde område. Hajer (1995, s. 62-63) framheld at narrativa fungerer som metaforar: ved å uttrykkje spesifikke element av eit narrativ, framkallar ein automatisk resten av forteljinga. Narrativ reduserer på den måten kompleksiteten til problemet, fordi kjennskap til løysinga av problemet ikkje forutset inngåande kunnskap om alle dei ulike bestanddelane. I tillegg kan utvida bruk av narrativet i ein debatt gje samanheng og stabilitet til debatten. Forteljingane fungerer som tropar som rasjonaliserer løysingar til det som då kan verte oppfatta som samanhengande problem (Hajer 1995, s. 63).

Jones og McBeth (2010) gjev i ein oversiktstudie greie for bruken av narrativ analyse i policystudier. Forfattarane deler her dei sentrale bidraga innan denne forskingstradisjonen inn i to hovudretningar. Ein del av desse bidraga deltek i ein strukturalistisk og positivistisk retning, med fokus på kvantitative studiar retta mot generaliserbare narrativ og kausalitet. Den andre delen er innanfor ein poststrukturalistisk og postpositivistisk retning, og vektlegg kvalitative, fortolkande metodar for å undersøkje intersubjektive og kontekstuelle forhold som ligg til grunn for policyane. Jones og McBeth legg her fram eit forslag til eit rammeverk for narrativ analyse, ut frå dei ulike bidraga dei presenterer i studien. Dei påpeiker at rammeverket er i hovudsak retta mot strukturalistiske tilnærmingar til policyanalysen, men eg meiner at i alle fall deler av rammeverket også kan vere eit relevant utgangspunkt for ein meir interpretasjonistisk analyse.

I analysen av narrativ framhever Jones og Macbeth (2010, s. 340-341) sentrale element som kan inngå i ein narrativ struktur i policyar: (i) setting eller kontekst, altså den institusjonelle, geografiske eller gruppemessige avgrensinga som utgjer «åstaden» for forteljinga, (ii) eit handlingforløp, beståande av ei byrjing, ein midtdel og ein slutt. Handlingsforløpet både strukturerer forholdet mellom ulike karakterar, korleis dei inngår i den narrative settingen, og kva for kausale mekanismar, både dei føremålsretta og utilsikta, som verker inn på handlingsgangen. (iii) Karakterar, som utgjer dei agerande partane i narrativet, vert

kategorisert som heltar og deira allierte (som står for løysinga av problemet), skurkar og andre fiendar (som er årsaka til problemet) og offer (som tek skade av problemet), og (iv) moral, som utgjer sjølve løysinga på problemet, og som dermed er ein oppfordring til ein spesifikk handling, og i denne samanhengen, spesifikk politikk.

2.4 Klima- og miljødiskursar

I ein komparativ diskursanalyse av ulike globale miljøproblematikkar, tek Adger, Benjaminsen, Brown og Svarstad (2001) føre seg konkurrerande diskursar knytt til avskoging, ørkenspreiing, utnytting av biologisk mangfald og klimaendringar. Dei konkluderer med at på alle desse fire områda dominerer det dei kallar ein «managerial discourse» (Adger et al. 2001, s. 698), som vi her kan omsetje til ein *styringsdiskurs*. I denne diskursen ser ein dei ulike miljøproblema som resultat av mangelfull eller dårleg institusjonell og politisk styring. Øydeleggjing av regnskogane er her eit uttrykk for mellom anna manglande kunnskap om verdien til desse områda og manglande institusjonell vern mot hogst, til dømes gjennom offentlege reguleringar eller internasjonale samarbeidsregime, og regulering av landbruket. Energiprising, eller mangelen på ho, er skuld i at fossile brensel er meir billigare i bruk enn meir fornybare energikjelder, og gjev dermed større utslepp av klimapåverkande gassar som CO₂. Styringsaspektet ved miljøproblema er følgeleg også løysinga på dei. Gjennom internasjonale avtalar og regime, slik som Montreal-protokollen (United Nations Environment Programme u.å.), kan ein instrumentelt bruke institusjonelle og politiske ordningar for å rette opp i problema (Adger et al. 2001).

Den viktigaste konkurrerande diskursen er det Adger et al. (2001, s. 699) kallar ein «profligacy discourse», eller det vi kan kalle ein *overforbruksdiskurs*. Innanfor denne diskursen er det overdrive forbruk i industrialiserte land (kontra ikkje-industrialiserte land) og sløsende ressursbruk som er årsakene til miljø- og klimaproblema. Her er det eit økonomisk system som oppfordrar til overforbruk av naturressursar, og som dermed utgjer ein del av rota til problemet. I denne diskursen er endringane irreversible, og har potensielt katastrofale følgjer, som masseutrydding av biologiske artar, svolt- og tørkekatastrofar og auka ekstremvêr. Desse konsekvensane råkar hardast ikkje-industrialiserte land i det såkalla «globale sør». Løysinga på problema ligg ikkje berre i meir og betre styring. Det må eit moralsk oppgjer til, der vi som enkeltmenneske og samfunn endrar levesetta våre og byter ut det økonomiske systemet med eit som i større grad tek omsyn til verdiar som rettferd og

berekraft (Adger et al. 2001). Samstundes vektlegg forfattarane at begge desse diskursane er retta mot miljøproblema som globale fenomen, og tek derfor ikkje omsyn til lokale variasjonar. Ein konsekvens av dette, er at dei diskursive preskripsjonane for politikk og handling ikkje nødvendigvis kan overførast til lokale forhold. Dette gjer at diskursane sine løysingar, dersom dei får gjennomslag, i omsetjinga til praksis kan verte svært ulike

Ifølgje Hajer (1995) førte utviklinga i merksemda kring miljøpolitiske spørsmål i sytti-, åtti- og første halvdel av nittiåra til at det han kallar «ecological modernization discourse», eller *økologisk modernisering*, vart den dominerande miljøpolitiske diskursen. Dei viktigaste kjenneteikna ved denne diskursen er (i) fokus på preventive framfor reaktive miljøreguleringar, (ii) ressursreguleringar og forureiningspolicyar forankra i vitskapelege framstillingar av økologiske system og naturen si bereevne, (iii) fokus på mikroøkonomiske gevinstar ved å motverke og unngå forureining, (iv) makroøkonomisk dreining frå eit syn på naturen som eit uuttømmeleg vell av ressursar, til handsaming av naturen som eit avgrensa kollektivt gode og (v) deliberative policyutviklingsprosessar som inkluderer fleire aktørar, som til dømes ideelle organisasjonar og lokale aktørar (Hajer 1995, s. 26-29). Eit hovudpoeng for Hajer er at dette er ein positiv diskurs, i tydinga at ein ser på handsaming av miljøproblem som foreinleg med framleis økonomisk utvikling. Ein kan dermed løyse problema innanfor dei sosiale og politiske strukturane som allereie finst. Diskursen om økologisk modernisering har derfor mykje til felles med styringsdiskursen i Adger et al. (2001). Vi kan likevel seie at «økologisk modernisering»-diskursen har eit eksplisitt framtidfokus, med eit tydelegare program for ein heilskapleg utvikling. Styringsdiskursen, på si side, er meir retta mot individuelle problem, med preskripsjonar på korleis institusjonane kan løyse dei.

3 Narrativet: Det grønne skiftet

I denne og neste del av oppgåva presenterer eg ein diskursanalyse av klima- og miljøstrategiane til dei tre største byane i Noreg; Oslo, Bergen og Trondheim. Eg presenterer analysen av dei tre dokumenta under eitt, og trekk fram sentrale element ved den gjennomgåande diskursen i strategiane. Som avleidd av funna frå den tidlegare litteraturen om klima- og miljødiskurs som eg presenterte ovanfor, vil analysen vere konsentrert kring nokre

sentrale diskursive element: (i) narrativ, altså kva hendingsforløp strategiane gjev av klima- og miljøproblematikkar, og (ii) roller, altså korleis strategiane posisjonerer aktørar som passive og aktive heltar og skurkar. Avleidd frå Hajer (1995) sitt omgrep om ein «økologisk modernisering»-diskurs, argumenterer eg for at det finst ein felles diskurs som er synleg på tvers av dei tre strategidokumenta, som eg kallar ein «grøn modernisering»-diskurs. Det er samstundes viktig å understreke at dette først og fremst er ei analytisk avgrensing, og såleis ikkje eit fenomen som ligg klar for å verte oppdaga «der ute». Det er fullt mogleg at det i ein annan analyse av dei same dokumenta, men med andre posisjonar eller fokusområde, vil bli konkludert annleis. Eg meiner likevel at utvalet eg gjer her kan belyse relevante og interessante diskursive trekk ved klimastrategiane.

Strategiane har til felles at dei er utarbeidd av dei politisk-administrative etatane med ansvar for forvaltninga av klima- og miljøspørsmål i kvar sin kommune. I Bergen er det Byrådsavdelinga for klima, kultur og næring (no klima, kultur og byutvikling), i Trondheim er det Miljøenheten, og i Oslo Klimaetaten. Både Oslo og Bergen har parlamentariske kommunemodellar, som inneber at det er valde representantar for politiske parti som utgjer den øvste leiinga for kommuneadministrasjonen. Trondheim, på si side, har formannskapsmodell. Det er dermed den administrativt tilsette kommunedirektøren som er leiari for administrasjonen, og ikkje kommunepolitikarane. Trondheim bystyre vedtok «Kommunedelplan: energi og klima 2017-2030» (Trondheim kommune 2017) i mai 2017 (Trondheim kommune 2020), som vi derfor kan lese som eit uttrykk for kommunepolitikarane sin vilje, ikkje berre administrasjonen sin. At det er ein administrasjon som ikkje er direkte underordna politisk styring som har utforma strategien, kan likevel ha innverknad på den diskursive framstillinga av klimaproblema og løysingane på dei. På den andre sida er det ikkje gjeve at ein parlamentarisk modell gjev politikarane kontroll over administrasjonen. Byråkratar kan i mange tilfelle ha mykje autonomi frå politiske føringar (til dømes Hill & Varone 2017). Vi kan derfor ikkje utan vidare anta at skilnaden på formannskapsmodellen og den parlamentariske modellen har betydd mykje for utforminga av klimastrategiane.

3.1 Narrative strukturar

Utgangspunktet for å definere narrative strukturar, altså å påpeike at det finst eit handlingsforløp i dei ulike dokumenta, er ikkje gjeve av seg sjølv. Det er fullt mogleg å tenkje seg politisk-administrative dokument som ikkje presenterer ulike område for tiltak som del av

eit større bilete. I dokumenta eg tek utgangspunkt i her, kan vi likevel definere narrativ som i ulik grad strukturerer strategiane. Dette kjem først og fremst av at det er mogleg å skilje publikasjonane ut som ein eigen undersjanger av policydokument, som vi her kan kalle «klimastrategi». Titlane for dokumenta spelar også på denne merkelappen, med «Klimaetatens faggrunnlag til klimastrategi 2030» i Oslo, «Grønn strategi: klima- og energihandlingsplan for Bergen» i Bergen, og «Kommunedelplan: energi og klima 2017-2030» i Trondheim. Omgrepet *klima* og metaforen *grøn* går igjen. Dette signaliserer ei forståing av at dette er overordna kategoriar som ulike problem og løysingar kan sorterast inn under. Dei er relatert til kvarandre, og ein kan derfor sjå dei under ein større heilskap.

Nemningane *strategi* og *plan* tilseier også ein heilskap. Problema og tiltaka som vert presentert i dokumenta, er ikkje eit spekter av ulike og usamanhengande handlingar. Dei utgjer heller delar av eit større program, der ulike tiltak vert sette saman for å oppnå eit overordna mål. Dette er ikkje ulikt ein militær strategi, der strategane mobiliserer ulike innsatsstyrker på forskjellige område. Ein strategi må innehalde både ei eksplifisering av eit eller fleire problem som nokon må løyse, ein teori om korleis problema oppstod, verkemiddel for å løyse dei og ein eksplisitt eller implisitt definisjon av kriterie for når problema er løyst. Dette er i seg sjølv ein narrativ struktur, sidan strategien dannar ei førestilling av ei notid, ei framtid og vegen dit. Ein ser ikkje på problema og løysingane på dei som isolerte, men som delemne i eit større bilete.

3.2 Det grøne skiftet

Framstillinga av klimaproblema som ligg til grunn for strategiane til både Bergen, Oslo og Trondheim baserer seg hovudsakleg på konklusjonane til FN sitt klimapanel. I dokumentet til Bergen, «Grønn strategi», vert det stadfesta heilt innleiingsvis at «[g]lobal oppvarming er vår tids største miljøutfordring» og at «[f]orskerne i FN's Klimapanel viser til at to graders økning i jordens middeltemperatur er grensen for hva naturen kan tåle før klimaendringene blir alvorlige og ukontrollerbare» (Bergen kommune 2016, s. 9). Her skriv Bergen seg raskt inn i ein globalt og vitskapeleg orientert klimadiskurs, som gjennom FN og Klimapanelet sin dominerande posisjon i det internasjonale samfunnet har vorte ei framstilling med stor innverknad. Endringane skjer i *jorda* sitt klima, og er derfor noko som råkar alle. Dette gjer det mogleg å snakke om at problema høyrer til «vår tid», og fordi vi sjølv er skuld i dei, er det opp til alle å løyse dei. Dokumentet går samstundes ikkje detaljert inn på kva Klimapanelet

seier. Det globale aspektet ved klimaendringane er likevel representert gjennom Klimapanelet, som plasserer Bergen i ein global kontekst, og legitimerer det hovudsakleg lokale og regionale fokusområdet til strategidokumentet som ein del av ei global verksemd. Også Oslo kommune og Trondheim kommune etablerer også ein tydeleg kontekst for sine strategiar som er retta inn mot klimaendringar som globale problem, høvesvis med referansar til FN sitt klimapanel (Oslo kommune 2019, s. 6) og til Parisavtala (Trondheim kommune 2017, s. 3).

Nå det gjeld vektlegginga av dei globale aspekta ved klimaendringane, skil klimastrategien til Bergen kommune seg noko frå Trondheim og Oslo. I strategidokumenta til Trondheim og Oslo kommune er dei globale konsekvensane skildra eksplisitt, representert mellom anna med at «verdens isbreer smelter i rekordfart, havnivået stiger og uerstattelig natur går tapt allerede med dagens oppvarming på rundt 1 grad» (Oslo kommune 2019, s. 6) og at «[k]limaendringene påvirker allerede matproduksjonen i verden, og gir mer ustabil matforsyning» (Trondheim kommune 2017, s. 45). I teksten til Bergen er dei globale konsekvensane av klimaendringane så å seie uuttalte, berre representert gjennom metonymiane *global oppvarming* og *1,5/2 grader temperaturauke*. På lokalt og regionalt nivå er skildringane av konsekvensane samstundes meir konkrete:

Variasjoner i klimaet har alltid påvirket natur og samfunn, og kommuner har lang erfaring med å tilpasse seg slike variasjoner. Omfanget av klimaendringer i dag, og hastigheten endringene skjer med, er likevel vesentlig større enn tidligere. Klimaendringene vil forårsake høyere havnivå, mer nedbør og vind, og økt fare for flom og skred. Alt dette må det tas hensyn til når byen vokser og endres. (Bergen kommune 2016, s. 72)

Dette er følgjer av klimaendringar som er spesifikke for Bergen og regionen kring. I sitatet konstruerer kommunen eit skilje mellom naturlege variasjonar i klimaet og endringane vi kan observere i dag. Sjølv om situasjonen med klimaendringar ikkje er noko nytt, er det vi ser noko utanfor det naturlege, og dermed ein del av det som er menneskeskapt. Dokumentet trekk fram byane som kjeldene til dei største utsleppa av klimapåverkannde gassar. Det leggjust vekt på byane i verda er i sterkare vekst enn andre stader, og vil halde fram med å vakse framover i tid. Utsleppa er knytt til mellom anna bygg, transport, personleg forbruk og avfall, og er forventa å auke i takt med befolkninga. Følgjeleg er «[b]yenes rolle i å redusere klimautslipp (...) avgjørende» (Bergen kommune 2016, s. 19). Dokumentet legg til grunn at korleis klimaet blir i framtida er usikkert. Dette er avhengig av kor mykje klimagassar vi slepp ut framover.

Felles for alle dei tre klimastrategiane er at dei er orientert kring ei konkret og namngjeve forteljing: kommunane, Norge og verda elles står ovanfor eit vendepunkt i historia: det grønne skiftet. Det grønne skiftet utgjer eit bilete på ei omstilling, som skal gjennomsyre alle aspekt av samfunnet. Omstillinga skal innebere mellom anna å fase ut all bruk av fossile brensel, redusere det personlege forbruket, bruke materiale og transportmiddel med lite eller inga utslepp av klimagassar og ta i bruk ny teknologi som på andre måtar reduserer utsleppa. Verken ideen om eit grønt skifte, eller namnet for det, er nytt. Eit artikkelsøk i norske aviser viser at omgrepet vart brukt så tidleg som i 1998, sjølv om bruken ikkje vart utbreidd før frå 2013 (Nasjonalbiblioteket 2020). Det som likevel er påfallande i klimastrategiane til Oslo, Bergen og Trondheim, er at omstillinga nesten heilt konsekvent er omtala i bestemt form eintal, altså som «det grønne skiftet». Berre ein gong omtaler Bergen kommune det som «et grønt skifte», i Oslo og Trondheim er det ingen. Omtaleforma gjer for det første at er det ikkje snakk om fleire grønne skifte, men berre eitt. Omstillinga er overordna sektorar, og grip inn i alle delar av samfunnet. For det andre vert det grønne skiftet presentert som noko allereie kjent, og som derfor ikkje treng nokon introduksjon. Framstillinga av eit framtidsscenario som noko vi har eit klart bilete av, og som omfattar samfunnet som heilskap, gjer at det grønne skiftet får karakteristikk av å vere ein slags utopi (med utopi meiner eg her ikkje noko uoppnåeleg eller fantastisk, men heller ei heilskapleg førestilling av eit annleis og betre samfunn). Alternative scenario, der samfunnet og verda ikkje klarer å omstille seg til levemåtar som ikkje bidreg til vidare global oppvarming, er ikkje presentert i strategidokumenta. Katastrofescenariot finst ikkje som ei representert forteljing. Den einaste forteljinga som finst, er den der det grønne skiftet er vellukka. Narrativet er derfor at omstillinga kjem til å kome fordi ho *må* kome.

Framstillinga av *det grønne skiftet* har klare tydelege parallellar til Hajer (1995) sin «økologisk modernisering»-diskurs. Grunnføresetnaden for framtidssynet i strategiane er at byane kjem til å fortsette å vakse, noko som ikkje vert problematisert i nokon særleg grad. Utfordringa er ikkje å stanse eller bremse veksten, men å sørgje for «en bærekraftig vekst som ivaretar klima og miljøhensyn [sic]» (Bergen kommune 2016, s. 12). Problemet er altså ikkje veksten i seg sjølv, men at veksten skjer på ein måte som aukar utsleppa av klimagassar. Det grønne skiftet forutset ikkje ei strukturell endring av samfunnet, men heller tiltak som sørgjer for at «byen oppgraderes og rigges for grønn vekst» (Oslo kommune 2019, s. 50). Næringslivet må utvikle seg i ein «grønnere retning», og «bidra til å utvikle nye og mer energieffektive næringer» (Bergen kommune 2016, s. 21). Målet er «utvikling av klimavennlig teknologi og levemåter» (Trondheim kommune 2017, s. 9) i byar der det er «lett å leve miljøvennlig» (Bergen

kommune 2016, s. 9). Disse skildringane av kva som trengst, impliserer også kva som er problemet med korleis samfunnet fungerer i dag. Teknologiar og levemåtar er ikkje klimavenlege, energibruken er ineffektiv, og det er for vanskeleg å leve miljøvenleg. Dette er funksjonelle problem; dei handlar ikkje om at kva vi gjer som individ og samfunn er rett eller gale, men *korleis* vi gjer tinga vi gjer. Problema har dermed tilsvarande funksjonelle løysingar. Det er tekniske og teknologiske endringar som må til for å oppnå eit berekraftig samfunn.

Klimastrategiane konstruerer altså eit narrativ, med klart definerte problem, eit mål for problemløysinga og verkemiddel for å kome seg dit. Forteljninga om det grønne skiftet handlar om ein transformasjon av samfunna våre, der vi bryt med tidlegare forureinande praksisar, og byter dei ut med andre som tek omsyn til miljø og klima. I strategidokumenta står vi no føre sjølve vendepunktet i forteljninga. Dette kjem til uttrykk på fleire måtar. Oslo kommune (2019, s. 6) skriv mellom anna at «[k]limamålene [i Parisavtala] er en historisk utfordring og en mulighet til å oppgradere byen og rigge den for grønn vekst». Det er no det er både naudsynt og mogleg for oss å endre samfunnet. Samtidig ligg det eit potensial i den situasjonen vi står framfor no. Trondheim kommune (2017, s. 37-38) stadfester at å vere tidleg ute med teknologisk utvikling og innovasjon gjer det mogleg å «kapitalisere på det grønne skiftet», og kan såleis gje «gevinst både for klimaet og for lokalsamfunnet». Når Bergen kommune skriv at «[e]lbilrevolusjonen i Norge er i gang, hybridbilene er på rask innmarsj og hydrogenkjøretøy vil komme» (2016, s. 18), vert det signaliserert at ein fullstendig overgang til fornybare kjøretøy er i emning. Det er ifølgje klimaplanen til Bergen berre eit spørsmål om tid før det grønne skiftet er på plass.

4 Diskursive roller

I denne delen tek eg føre meg dei ulike aktørane eller subjekta som er representert i dei tre strategidokumenta. I likskap med den narrative strukturen, kan representasjonar av subjekt vere diskursive. Dei er altså uttrykk for, og reproduserer, sosiale strukturar. Kven som er presentert som handlande subjekt, og kven som ikkje er det, kan vere med på å konstituere handlinga i seg sjølv, fordi presentasjonane kan skape forventingar til subjekta dei omtalar.

Dette er ikkje minst relevant for tekstane eg handsamar her. Tekstane, som *strategiar* og *planar*, er program for handling, og uttrykkjer derfor eksplisitte forventingar eller krav til at nokon skal handle. Dette er til forskjell frå til dømes utgreiingar som berre beskriv faktiske forhold. Desse kan uttrykkje politiske behov, men seier ikkje nødvendigvis noko om *kven* som skal handle eller *kva* dei kan og bør gjere. Fordi strategiar er retta mot ei vilja endring, uttrykt gjennom eit eller fleire mål, er dei også normative. I eit diskursanalytisk perspektiv kjem samstundes det normative ikkje berre til uttrykk gjennom måla, men også gjennom subjektrepresentasjonane. Kven som er framstilt som handlande subjekt, og kva type handling dei gjer, kan derfor vere et uttrykk for diskursive førestillingar av kven som *kan* og *bør* handle. I analysen av klimastrategidokumenta er det derfor særleg interessant å undersøkje kva roller kommunane tillegg seg sjølve i narrativet om *det grønne skiftet*, og korleis kommunane som politisk-administrative einingar relaterer til andre aktørar i samfunnet.

4.1 Kommunen som tilretteleggjar

I klimastrategidokumenta til både Oslo, Bergen og Trondheim kommune er den tilskrivne rolle til kommunen meir eller mindre den same. Kommunane skal vere tilretteleggjarar og pådrivarar for at det grønne skiftet skal kome. Bergen kommune (2016, s. 12) vil «legge til rette for, og medvirke til, det grønne skiftet innen forskning og næringsliv». Trondheim kommune (2017, s. 5) vil gje næringslivet «ytterligere muligheter til å utvikle seg i retning av grønn verdiskapning». I Oslo har kommunen «etablert klimakoordinatorer» (Oslo kommune 2019, s. 53), og meiner sjølv at dei «bør i større grad tilrettelegge for innovasjon, forskning og utvikling gjennom ny, grønn teknologi og nye samarbeidsformer på tvers av eksisterende sektorer» (Oslo kommune 2019, s. 52). Overfor befolkninga generelt skal kommunane engasjere gjennom «klimakommunikasjon» (Oslo kommune 2019, s. 48; Trondheim kommune 2017, s. 10) og «motivere og bistå ved å legge til rette med informasjon og insentiver til klimariktige valg og handlinger» (Bergen kommune 2016, s. 66). Det er ei gjennomgåande tone at kommunane skal etablere rammene for at ulike aktørar, til dømes næringsliv, privatpersonar, og organisasjonar, skal kunne stille om til klimavenlege verksemder og levemåtar.

Alle dei tre kommunane er også opptekne av å redusere sine egne utslepp direkte, mellom anna gjennom å gjere kommunale køyretøy elektriske og ta omsyn til klima- og miljøpåverknad i offentlege innkjøp. Men også her vert merksemnda retta mot rolla som

tilretteleggjar. Dei totale utsleppa vert redusert ved å kutte eigne utslepp, men viktigast er ringverknadane dette vil få for samfunnet som heilskap. Ved å køyre kommunale elbilar går kommunane til dømes føre som gode døme for andre aktørar. Bruk av energisparande byggjemateriale i nybygg kan inspirere andre til å gjere det same. Særleg legg strategidokumenta vekt på *innkjøpsmakt* (Bergen kommune 2016, s. 19; Oslo kommune 2019, s. 37; Trondheim kommune 2017, s. 37). Dette er innverknaden som kommunane har på marknaden gjennom offentlege anskaffingar og investeringar. Gjennom å vere ein «krevjande kunde» (Bergen kommune 2016, s. 26; Trondheim kommune 2017, s. 41) skal kommunane nytte posisjonen som ein større marknadsaktør for å styrkje etterspurnaden etter teknologi og materiale som bidreg til å redusere utsleppa av klimagassar. Kommunane går føre med å stille krav til produsentar og tenesteleverandørar, og bidreg på den måten til å brøyte veg for andre aktørar i næringslivet og sivilsamfunnet, slik at dei kan gjere det same.

Tilretteleggjarrolla som kommunane gjev seg sjølve her, plasserer dei på mange måtar i sentrum av omstillingsprosjektet til «fornybarsamfunnet». Kanskje er det ikkje så merkverdig at kommunane får ei sentral rolle i narrativet om det grønne skiftet i strategiane – dei er trass alt handlingsprogram utforma av, og for, kommunane sjølve? Her kan vi peike på ein overordna politisk-administrativ diskurs, der forvaltninga si oppgåve er hjelpe andre instansar av samfunnet til å hjelpe seg sjølve, såleis knytt til ideen om staten som tilbydar av velferd. Det som likevel er interessant her, er korleis dei tre kommunane posisjonerer seg sjølve i narrativet i forhold til dei andre samfunnsaktørane som har ei rolle å spele i det grønne skiftet. I tillegg til kommunane sjølve, kan vi dele aktørane grovt inn i fire kategoriar: (i) næringslivet, (ii) befolkninga/sivilsamfunnet, (iii) staten/nasjonale styresmakter og (iv) andre samarbeidsaktørar som nettverk, norske og internasjonale byar, organisasjonar og forskingssenter.

Overfor næringslivet skal kommunane gå føre som gode døme, stille krav og leggje til rette for «grøn» omstilling og «grøne» oppstartsbedrifter. Kommunane skal informere innbyggjarane om forbruk og drive byutvikling for å endre reisevanane deira. Overfor staten og den sentrale forvaltninga skal dei vere pådrivarar for å utarbeide verkemiddel for å gjennomføre tiltak. Saman med andre byar skal dei leggje press på staten for å innføre sterkare insentiv for omstilling gjennom avgifter og reguleringar. Overfor andre samarbeidsaktørar skal kommunane ta initiativ til, bidra i og samordne samarbeidsarenaer og -nettverk. I tillegg tilbyr dei byane sine som laboratorium (Oslo kommune 2019, s. 48), stiller byrom til disposisjon for å teste nye løysingar (Trondheim kommune 2017, s. 9) og vil vere

«naturlig sentrum for strategisk utvikling og innovasjon» (Bergen kommune 2016, s. 6). Både i forholdet mellom kommunane og aktørane, og mellom dei andre aktørane innbyrdes (til dømes stat – næringsliv gjennom regulering), har kommunane ei rolle å spele. Dette gjeld anten det er der dei kan påverke utviklinga direkte gjennom innkjøp, eller indirekte gjennom å «skape arenaer for samarbeid og nytenkning» (Oslo kommune 2019, s. 51). Felles for alle desse relasjonane er at kommunane er relevante aktørar med agens til å påverke og bidra positivt. Denne framstillinga av korleis ulike aktørar kan og bør handle, gjev kommunen ein legitim posisjon i arbeidet med å løyse klimaproblem over eit breitt spekter av samfunnssektorar.

4.2 Alle har ansvar, ingen har skuld

I «grøn modernisering»-diskursen er kommunane altså tydeleg handlande partar. Dei kan ikkje berre sjølv redusere sine eigne utslepp direkte, men også har ei viktig rolle å spele i å mobilisere andre samfunnsaktørar inn mot det grønne skiftet. Ifølgje alle dei tre strategidokumenta er det måten vi lever og driv samfunnet på som er skuld i klimaendringane. Såleis krevst det også menneskelege og samfunnsmessige endringar for å bremse og motverke ytterlegare utslepp av klimagassar. For å følgje Jones og McBeth (2010), som presentert ovanfor, er diskursive narrativ ofte strukturert kring heltar, skurkar og offer. I klimastrategiane til kommunane framstår kommunane sjølve som protagonistar, som har vilje og evne til å mobilisere allierte i næringslivet, sivilsamfunnet og samarbeidsbyar i inn- og utland. Men kven er så skurkane? Antagonistane som er årsaka til klimaproblema, og som den gode alliansen må overvinne for å få på plass eit grønt skifte? Ulike klimadiskursar produserer ulike svar; alt frå klimafornektarar, oljenæringa og autoritære regime til passive og populistiske politikarar, multinasjonale selskap og kapitalismen i seg sjølv.

Narrativet *det grønne skiftet* er strukturert kring ei markant endring; eit brytingspunkt der individ og samfunn omstiller seg til «nullutslippsamfunnet» (Bergen kommune 2016, s. 24; Oslo kommune 2019, s. 65; Trondheim kommune 2017, s. 9). Denne måten å skildre det på gjev, i tillegg til markørar som *grøn*, *fornybar* og *klimavenleg*, eit, om ikkje detaljert, bestemt bilete av kva samfunnet skal endre seg *til*. Biletet av kva det endrar seg *frå*, er derimot lite representert. Dette kjem mellom anna til uttrykk gjennom (den manglande) nemninga av forureinande aktørar. Bakgrunnen for at omstillinga må skje, er at måten samfunnet er innretta på i dag bidreg til eit potensielt katastrofalt klima og svært vanskelege levekår over heile

verda. Det er med andre ord menneskelege handlingar som står i kontrast til eit ønskja samfunn. Gjennom å vise kva for handlingar som hjelper til med den grønne omstillinga, kan ein dermed slutte kva for handlingar som er til hinder for omstillinga.

I klimastrategiane til Oslo, Bergen og Trondheim er antagonistane likevel så å seie fråverande. Oslo kommune (2019, s. 65) skriv til dømes at «[b]edrifter som er godt i gang med den grønne omstillingen, og grønne oppstartsbedrifter, kan oppnå store markedsfordeler». «Grønn» er ei positiv markør på bedrifter som bidreg positivt. Det som er verd å leggje merke til, er at den motsette markøren er nær sagt fråverande. Det finst «klimavennlige bygg» (Trondheim kommune 2017, s. 16), men ikkje bygg som er klimauvenlege eller klimafiendtlege. Verksemdar er «framtidsrettede og attraktive» (Bergen kommune 2016, s. 26), men ikkje reaksjonære eller uattraktive. Skurkane i denne diskursen vert «ikkje-kategorisert». Fokuset på dei positive bidraga gjer at det ikkje er særleg tydeleg kven som er skuld i problema vi er nøydd til å handtere, ettersom dei ansvarlege partane kjem for det meste til syne gjennom motsetninga si. Dette kan ein sjå som eit uttrykk for ein tanke om at «klimakommunikasjonen» ikkje skal byggje på «pekefingermentalitet eller moralisme» (Oslo kommune 2019, s. 49). Det finst rett nok enkelte unntak. Bergen kommune peiker ut «solobilisten» (2016, s. 34-36) som ei kjelde til både kø og høgare utslepp i transportsektoren, og Trondheim kommune sin strategi peiker på at «60 % av direkte utslipp i Trondheim kan knyttes til aktører i næringslivet» (2017, s. 7). Slike døme er likevel få og spreidde i alle dei tre dokumenta.

Eit anna aspekt av at narrativa manglar antagonistar kjem til syne her: «Produsentar av byggematerialer og andre varer og tjenester med stort klimafotavtrykk må utvikle og tilby mer klimavennlige alternativer» (Oslo kommune 2019, s. 59). Utsegna skapar ein dikotomi mellom det negative «stort klimafotavtrykk» og det positive «klimavennlig».

«Klimafotavtrykk» er eit teknisk og kvantitativt omgrep, fordi det refererer til kor stor innverknad ein aktivitet har på klima, målt i mengda utslepp av klimagassar. Det er såleis eit nøytralt omgrep i seg sjølv; om det er bra eller dårleg kommer an på om avtrykket er stort eller lite. Aktivitetar som har liten eller ingen innverknad på klima kan seiast å ha ingen eller lite klimafotavtrykk. Vurderinga vert derfor eit spørsmål om funksjon. «Klimavennlig» er på si side eit kvalitativt og verdiladd omgrep. Aktivitetar som er ønskjelege i eit klimaperspektiv omtalast som *venlege*, og seier derfor ikkje berre noko om dei tekniske aspekta ved aktiviteten. Det ligg føre ei vurdering om aktiviteten er moralsk eller ikkje: det er moralsk å vere klimavenleg, og det er umoralsk å ikkje vere det. Klimavenlege aktivitetar kan derfor

fortelje oss noko om aktøren sine kvalitetar, ut frå korleis dei verker inn på klimaet. Klimafotavtrykk seier på si side berre noko om aktiviteten i seg sjølv, og ingenting om aktøren. Kva kan dette fortelje om klimadiskursen i strategidokumenta? Tilnærminga til å omtale dei ulike aktørane og handlingane deira er grunna i eit vurderingssystem som berre vektlegg dei moralske aspekta i positiv forstand. Sjølv sagt følgjer det implisitt av dokumenta at aktivitetar som ikkje karakteriserast som klimavenlege og framtidsretta, er dårlege. Men fordi dette ikkje kjem eksplisitt til uttrykk, stille kommunane heller ikkje nokon til ansvar. Ved å ikkje påpeike syndarar, stiller kommunane heller ikkje krav til å stille nokon til ansvar, og langt mindre straffe nokon. Ansvarsbyrda ligg i framtida, der det er opp til alle å bidra til det grønne skiftet. Vi kan derfor seie at klimastrategidokumenta er positive, heller enn kritiske. Fokuset er berre på det som kan og bør gjerast, og ikkje på det som i dag er negativ eller skadande åtferd.

5 «Grøn omstilling»-diskursen oppsummert

Trass i at kommunane Oslo, Bergen og Trondheim har utarbeidd klimastrategiane sine uavhengig av kvarandre, ber dei tydelege diskursive likskapstrekk. Dei er alle strukturert kring ei forteljing, eller narrativ, om globale klimaendringar som følgje av menneskeleg aktivitet. Kor detaljert denne forteljinga vert fortalt, varierer noko, men ingen av tekstane eg presenterer her vier dette globale perspektivet mykje plass i omfang. Heller refererer dei til no velkjende og diskursivt dominerande representantar for narrativet, som FN sitt klimapanel og Parisavtala. Dette signaliserer ikkje berre at kommunane ser på desse som gode og truverdige representasjonar for klimaproblema. Gjennom å *ikkje* innta ein kritisk posisjon til desse representasjonane, gjev dei ikkje rom til andre, motstridande stemmer. Ved å påpeike dette, meiner eg ikkje å seie at det nødvendigvis finst andre gyldige representasjonar som *burde* ha vore teke omsyn til for eit meir nyansert bilete av klimaproblemet. Når Klimapanelet og Parisavtala sine representasjonar vert godtekne som gyldige, utan at strategidokumenta viser *kvifor* dei er gyldige, framstår dei som sjølvfølgjelege. Ved å berre presentere element av det globale klimanarrativet i strategidokumenta, skjer gjenkallinga av det fullstendige narrativet

automatisk. Rommet for å definere klimaproblemet er dermed lukka i strategidokumenta sin diskurs.

Denne globale klimadiskursen utgjer eit bakteppe for det mest sentrale narrative i klimastrategiane: *det grønne skiftet*. Det grønne skiftet er forteljninga om korleis moderne samfunn for alvor integrerer omsyn til miljø og klimapåverknad i utforminga av samfunnet og aktivitetane som går føre seg i det. Dette inneber i hovudsak at ein tenkjer nytt om utforminga av tekniske løysingar og teknologisk utvikling. Samfunnsfunksjonar skal sjåast i ein større heilskap, slik at alle instansar av samfunnsaktivitet tek betre vare på natur og klima, men også aukar livskvaliteten til innbyggjarane. Teknologi er ein nøkkel til å få til omstillinga til eit «grønt» samfunn. Den noverande teknologien er forureinande og sløssande, og bidreg i for stor grad til å påverke det naturlege klimaet. Ny teknologi og nye materiale skal vere fornybare og klimavenlege, som vil seie at dei har minimal eller ingen påverknad på klimaet. I utviklinga av desse teknologiane må alle samfunnsaktørar spele på lag: næringslivet må investere annleis og omstille seg til meir klimavenleg praksis, innbyggjarar må ha kunnskap og merksemd retta mot å ta bevisste val i kvardagen. Forskingsinstitusjonar og academia elles må gå føre for å utvikle kunnskap. Staten må tilby insentiv og påskot for å framskynde utviklinga i riktig retning.

Til saman utgjer desse innsatsområda eit nettverk av handlingar og aktørar i eit komplekst samspel. I omstillinga til klimavenlege byar, er kommunane i sentrum av nettverket. Kommunane si rolle er å leggje til rette, informere, opplyse, bidra til, motivere, skape insentiv, gjere mogleg, framskynde. Kommunane sine handlingar er retta mot dei andre aktørane, minst like mykje som dei er retta mot å kutte utslepp av klimagassar direkte. Den diskursive framstillinga av kva for oppgåver dei ulike aktørane får i det grønne skiftet, presenterer kommunane som ein type fasilitator eller regissør. Fordi budskapet er at «alle kan og må bidra, men kommunane må gjere det mogleg å ta dei riktige vala», vert kommunane ein uunnverleg del av forteljninga om omstillinga til eit klimavenleg samfunn. Dette gjer at det vert legitimt for kommunen å setje inn tiltak som er retta inn mot å endre åtferda til innbyggjarar, organisasjonar og bedrifter, på bakgrunn av at dei skal setjast i stand til å ta «riktige val» i eit klimaperspektiv. Samstundes er det eit bidrag til å styrkje kommunane sin posisjon i å definere kva eit «klimavenleg» eller «fornybart» samfunn er. Ved å gje seg sjølv eit overordna ansvar for å sjå til at byane utviklar seg i den naudsynte retninga, får kommunane også stor definisjonsmakt over kva denne retninga skal vere.

Det er vanskeleg å her seie noko sikkert om kva for innverknad klimadiskursen i klimastrategiane til Trondheim, Oslo og Bergen kommune har hatt eller kjem til å få for utviklinga i det klimapolitiske feltet. I eit diskursteoretisk perspektiv, har desse dokumenta eit mogleg breitt nedslagsfelt. Kommunane har stor innverknad på utviklinga til byane, og som klimastrategiane også peiker på sjølve, er dei store byane viktige for å påverke utviklinga til resten av landet. Dei diskursive framstillingane av klimaproblemet og løysinga av det ber stor likskap mellom dei forskjellige strategiane. Dette kan bidra til å konstituere ei brei oppfatning av kva som er god og riktig klimapolitikk i allmenta. Gjeve at tiltaka og tilnærminga som kommunane legg føring for her faktisk er riktige og tilstrekkelege for å omstille samfunnet, kan det vere godt nytt for framtida. Dersom dette på den andre sida ikkje er høvet, eller dersom ikkje ei verkeleg endringsvilje får fotfeste, er det ikkje like stor grunn til å vere vonfull.

6 Litteraturliste

- Adger, W. N., Benjaminsen, T. A., Brown, K. & Svarstad, H. (2001). Advancing a Political Ecology of Global Environmental Discourses. *Development and Change*, 32(4), 681-715. <https://doi.org/10.1111/1467-7660.00222>
- Austgulen, M. H. & Stø, E. (2013). Norsk skepsis og usikkerhet om klimaendringer. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 54(2), 124-150. Hentet fra https://www.idunn.no/tfs/2013/02/norsk_skepsis_og_usikkerhet_om_klimaendringer
- Bergen kommune. (2016). *Grønn strategi: klima- og energihandlingsplan for Bergen*. Hentet fra <https://www.bergen.kommune.no/publisering/api/filer/T537340699>
- Fairclough, N., Mulderrig, J. & Wodak, R. (2011). Critical discourse analysis. I Teun A. van Dijk (Red.), *Discourse studies: A multidisciplinary introduction* (2. utg.), 357-378. London: Sage.
- Hajer, M. A. (1995). *The politics of environmental discourse : ecological modernization and the policy process*. Oxford: Clarendon Press.
- Hill, M. & Varone, F. (2017). *The Public Policy Process* (7. utg.). London og New York: Routledge.
- Jones, M. D. & McBeth, M. K. (2010). A Narrative Policy Framework: Clear Enough to Be Wrong? *Policy Studies Journal*, 38(2), 329-353. <https://doi.org/10.1111/j.1541-0072.2010.00364.x>
- Mathisen, W. C. (1997). *Diskursanalyse for statsvitere : hva, hvorfor og hvordan*. Oslo: Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Nasjonalbiblioteket. (2020). Artikkelsøk: "grønt skifte". Hentet 14.05.2020 fra <https://www.nb.no/search?mediatype=aviser>
- Neumann, I. B. (2001). *Mening, materialitet, makt: En innføring i diskursanalyse*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Oslo kommune. (2019). *Klimaetatens faggrunnlag til klimastrategi 2030*. Hentet fra <https://www.klimaoslo.no/wp-content/uploads/sites/88/2019/02/Strategi2030-Endelig.pdf>
- Rødt. (u.å.). Profittfri velferd. Hentet 21.04.2020 fra <https://roedt.no/profittfri-velferd>
- Røe Isaksen, T. (2020, 29.01.). Velferdsdebattprofittørene | Torbjørn Røe Isaksen. *Aftenposten*. Hentet fra <https://www.aftenposten.no>
- Stone, D. (2002). *Policy paradox: The art of political decision making, revised edition* (3. utg.). New York: W. W. Norton & Company.

- Stubbs, M. (1983). *Discourse analysis : the sociolinguistic analysis of natural language*. Oxford: Blackwell.
- Trondheim kommune. (2017). *Kommunedelplan: energi og klima 2017-2030*. Hentet fra <https://www.trondheim.kommune.no/globalassets/10-bilder-og-filer/10-byutvikling/miljoenheten/klima-og-energi/kommunedelplan-energi-og-klima130618.pdf>
- Trondheim kommune. (2020, 05.02.2020). Klimaplan og klimaarbeid. Hentet 10.05.2020 fra <https://www.trondheim.kommune.no/klimaplan/>
- United Nations Environment Programme. (u.å.). About Montreal Protocol. Hentet 01.05.2020 fra <https://www.unenvironment.org/ozonaction/who-we-are/about-montreal-protocol>
- van Dijk, T. A. (2008). *Discourse and power*. New York: Macmillan International Higher Education.

